

## Referat FAU-møte Bryne skule

**Tid:** Måndag 08.04.24 kl.19.00-20.30

**Sted:** Bryne skule, møterom

**Til stades:** Jone Siqveland, Kay Even Siqveland, Marit Lothe, Stig Jespersen, Jarl Ove Frivold, Lina Bryne Larsen, Roy Flataukan Hustoft og Toril Øgreid

**Sakar:**

### **17/24 Informasjon frå rektor**

Olweus-undersøkinga vart gjennomført like før påske. Denne rapporten/resultata kjem om ikkje så alt for lenge. Skulen har satt av eit par møter i personalgruppa der dei vil sjå på resultata i lag.

Nasjonale prøver - her er dei godt i gang med arbeidet. Storsamling med fokus på lesing allerede denne veka. Rammeverket rundt - Relemo, Aski Raski, På sporet. Arbeider med systematikken. Innspel frå FAU om at mykje av denne systematikken tidlegare har lagt på trinna mtp gjennomføring. Leiinga i lag med lesegruppa skal halde i systematikken rundt dette, men sjølve gjennomføringa vil vere på trinna.

Skulen er i mål med lærertilsettingane. Det er ute ei utlysing på miljøpersonell. Bryne skule treng 2 miljøveiledere og 3 fagarbeidere.

Kjem til å lyse ut etter ein til avdelingsleiar. Dette for å styrke leiinga. Elin Ånestad har begynt, har vore ass.rektor på Undheim skule, ressurs i lesing. Ingeborg Dubland held fram som avdelingsleiar. Auka leiingressurs med 50%. Dette er knytta opp mot innføringstilbodet. Formålet er å kunne vere tett på.

Hærverk - rektor var ein runde rundt på 4.-7.trinn for å snakke med elevane om at me må ta vare på den fine skulen vår. FAU tenkjer dette er positivt og at det er lurt å ta dette med i infoskrivet som rektor tenkjer å sende ut.

Skulebruksplanen har no vore ute på høyring og det er no opp til politikarane å ta stilling til planen. Kaupang-rapporten viste til at skulestrukturen i kommunen er dyr. I skulebruksplanen står det at Bryne skule har god kapasitet - den er dimensjonert for 560 elevar. I dette reknestykket er ikkje innføringstilbodet rekna med, ei heller samarbeidet med kulturskulen. Kulturskulen har no to brakkerom. Skulle Bryne skule auke i elevtal så treng kulturskulen ei betre løysing.

Spesialpedagogikk. Kvar enkelt med spesielle behov skal bli godt ivaretatt, arbeider med å kunne gi enda betre tilrettelegging for elevane som treng litt ekstra støtte, men som ikkje nødvendigvis treng spes.ped.

#### **18/24 Plan for trygt og godt skulemiljø**

Ligg ikkje på heimesida, FAU har etterspurt siden mange skuler har dette sjølv om det ikkje er lovpålagt. FAU tenkjer dersom det ikkje er ein slik plan så treng ikkje skulen presse på dette.

---

#### **19/24 Utviklingsplan**

Utviklingsplan på heimesida ligg frå 2020. Blir skrive kvart år.

#### **20/24 17.mai gjennomføring**

Møte i 17.maikomiteen i Time kommune:

Mennesker uten tilhørighet til skuler ønskjer eit alternativ. Forslag om å ta i bruk storhallen der Bryne og Rosseland går sammen om å arrangere 17.mai. FAU tenkjer uansett at dette ikkje let seg gjere i år. Manko på musikkorps dette året. Barnehagane kan eventuelt gå med musikk. Det er viktig å se på rekkefølgen.

Det er sendt ut vismamelding til 3.trinn og 6.trinn i dag.

Gjennomgang sjekklister.

**Alle sjekker ansvaret sitt i sjekklister før neste møte**, NB materialforvaltarane har også eigen sjekklister.

Neste FAU-møte **måndag 29.april kl.19-20.30** på møterom, Bryne skule, alle i FAU møter 18.30 for å sjekke FAU-rommet mtp plakater og bilete over oppsett på 17.mai. Rektor treng ikkje å møte på dette FAU-møtet.

**Sakar til neste FAU-møte:**

- 17.mai gjennomføring

Referent: Toril Øgreid

